

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091
Majorstua
0301 Oslo

Bergen, 08.07.2016

Fråsegn til søknader om løyve til 8 småkraftverk i Modalen kommune i Hordaland – småkraftpakke: «Modalenpakka»

Vi viser til brev 31. mars 2016 frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) om søknader om åtte småkraftverk i "Modalenpakka" (NVE saksnummer 201307610-9, 201300551-8, 201300375-8, 201300373-8, 200905415-9, 201300810-8, 201301019-8 og 201300220-8 ksk/rmo, ksk/biwi og ksk/hela). NVE ber her høyringspartane om å vurdera kvar sak for seg, men òg alle sakene samla. I høve sistnemnde punkt er omsynet ei vurdering av samla belastning for området og felles handsaming av dei åtte prosjektsøknadane.

Bergen og Hordaland Turlag er Vestlandets største friluftsansamling med om lag 27.000 medlemmer. Bergen Turlag skal arbeide for eit aktivt og sikkert, enkelt og naturvennleg friluftsliv. Vi arbeider også for natur, kultur og miljøvern på områder med tilknytning til laget si verksemd.


Vi er positive til at NVE legg opp til ei felles handsaming av dei 8 småkraftprosjekta i samsvar med rutiner av 21.03.2012. Bergen og Hordaland Turlag er høyringspart i saka. Vi ønskjer å vera ei konstruktiv høyringspart i energisaker, og særleg ivareta omsynet til natur- og friluftsansamer.

Oppsummering

Moglegheitene for friluftsliv i Modalen og Stølsheimen er dokumentert i ei rekkje bøker i friluftslivlitteraturen (sjå til dømes Rudsengen og Loftesnes (2007), Monsen (1999)). Stølsheimen er til dømes eit svært viktig område for friluftslivaktivitet, ruter og hytter i arbeidet til Bergen og Hordaland Turlag (Gjerstad, Ulvund et al. 2005), og er eit satsingsområde for organisasjonen. Stølsheimen er «fjellområdet mellom Sognefjorden i nord og Vossefjellene i sør, frå Masfjordsfjellene i vest, og med Vikafjellet i øst. Stølsheimen landskapsvernområde utgjør ein sentral del av Stølsheimen» (Bergen Turlag 2013). Modalen utgjør ein av dei viktige innfallsportane til Stølsheimen. I Stølsheimen har Bergen og Hordaland Turlag 10 hytter og eit nettverk av T-merka ruter.

Modalen byr på friluftslivsområder av både lokal, regional og nasjonal verdi. Nærleiken til Bergen spelar ei sentral rolle i høve regionale brukarar, og ligg innanfor ein køyretid på 2-3 timar. Det er også råd å ta seg fram til startpunkt for turar i Stølsheimen ved bruk av kollektiv transport. I den regionale kartlegginga og verdsetting av friluftslivsområder går det fram at Modalen kommune har fleire kartlagte og verdisatte områder, slik som


Stølsheimen (A: Svært viktig), Stølsheimen-Otterstadstølen (A: Svært viktig), Moelvi (C: Registrert), Farestveit (C: Registrert), Mostølen (C: Registrert) og Krossdalen (C: Registrert), jf. Rapport frå Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland (2008), «Område for friluftsliv: Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland: Prosjektrapport 2008». I kartleggingsrapporten frå 2008 vert det skrive: «*Det er viktig å ha klart for seg at dette prosjektet er eit pionerarbeid. Vi har utprøvd og tilpassa ein metodikk som i utgangspunktet er laga for mindre einingar og kommunalt nivå. Vi har forenkla metoden for å tilpasse denne til eit overordna geografisk nivå. Resultatet er blitt ei grovmaska kartlegging som kan vise seg å vere unyansert og utilstrekkeleg når ein arbeider med mindre geografiske einingar i ein kommune. Målet er at materialet skal kunne betrast og utviklast vidare i samspel med kommunane for å få skaffa til veie eit best mogleg kunnskapstilfang om friluftsområde som grunnlag for forvaltning og planlegging*». Regjeringa har som nasjonal målsetjing at alle kommunar skal ha kartlagt og verdisatt sine friluftslivsområder innan 2018. Førebels har ikkje Modalen kommune gått i gong med ei slik kartlegging og verdisetting av kommunalt viktige friluftslivsområder. Modalen kommune vil gjennom ei kartlegging få på plass eit kunnskapsgrunnlag over dei lokalt viktige områda for friluftsliv, og ha høve til å detaljere og supplera arbeidet som er gjennomført på regionalt nivå. Vi håpar difor at Modalen kommune vil gå i gong med eit kartleggings- og verdsettingsarbeid av friluftslivsområda i kommunen.



Kart 1 Regional kartlegging og verdisetting av friluftslivsområder i Hordaland (Kjelde: Hordaland fylkeskommune/ Fylkesmannen i Hordaland, Miljødirektoratet, naturbase).

Hovuddelen av dei føreslåtte utbyggingane i «Modalenpakka» gjeld sidevassdrag til Steinslandsvassdraget (Modalsvassdraget, vassdragsnummer 064.Z). Også i dalføret langs Moelvi og langs Moelvi er det friluftslivinteresser. Hellandsdalen, som er ein sidedal til Modalen, er ein viktig inngangsport til Stølsheimen.

Landskapsmessig er Mofjorden rekna til å vera av «stor verdi» som fjordlandskap, jf. «Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021». Stølsheimen er også rekna som sårbart høgfjell av «stor verdi» i «Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021». Relevant i vurderinga av inngrepa i høve landskap er Hordaland fylkeskommune si kartlegging og verdsetting av landskap i fylket (Clemetsen, Uttakleiv og Skjerdal 2011, Uttakleiv 2009). Modalen er rekna som ein «Elvedal» med verdiklasse 3 «Middels viktig» (jf. kart 2). Sju landskapsformer i denne kategorien har fått verdi 3 i fylket (Clemetsen, Uttakleiv og Skjerdal 2011). Forvaltinga av landskapsverdiane vil difor vera eit viktig moment i vurderinga av inngrep langs Steinslandsvassdraget.



Kart 2 Utsnitt fra landskapstypekart for Modalen. Kjelde: Hordaland fylkeskommune/ Aurland Naturverkstad.

Vi har følgjande innspel til desse enkeltprosjekta i «Modalenpakka»:

Todeilselva kraftverk: Vi kan ikkje tilrå utbygging av Todeilselva,, då dette kjem i konflikt med friluftslivinteresser, landskap og sumverknader, og kulturhistoriske verdier i Modalen kommune.

Hellandsdalen: Gjennom Hellandsdalen går det i dag ein anleggsveg som fører fram til Skjerjevatnet. Når det gjeld vassdragstekniske inngrep i Hellandsdalen må ein ta omsyn til tidlegare reguleringar som har påverknad på vassføringa i Budalselva. Nedst i Budalselva er det etablert eit minikraftverk (installert effekt 0,3 MW) – ved inngang til Hellandsdalen – som er gjennomført. I prosjektrapportane for kraftverka Budal II, Seljedalselva, Bleidalselva og Tverråni burde dalføret ha fått ein høgare verdisetjing og anna konsekvensvurdering for friluftslivet enn det som går fram av utgreiingsrapportane. Hellandsdalen er ein viktig inngangsport til Stølsheimen – eit friluftslivområde som er rekna som regionalt svært viktig og med stor verdi. Vi kan ikkje tilrå den samla lasten av utbyggingar i Hellandsdalen. Landskapet i Hellandsdalen er prega av fossar som Bleidalsfossen, Seljedalselva og Tverråni. Det er ikkje gjennomført ei tilstrekkeleg sumverknadsvurdering for friluftsliv og landskap. I tillegg er ikkje friluftslivverdien tilstrekkeleg vurdert. Vi ber NVE særleg vektleggje dette i sakshandsaminga. Vi kan diverre ikkje tilrå den samla lasten av utbyggingar i Hellandsdalen slik den no føreligg.

Om prosjekta

Todeilselva kraftverk

Kraftverk	Friluftsliv	Rødliste arter	INON	Redusert vassføring	Rørygate	Veg	Minstevassføring	Inntaksdam	Samlet konsekvensvurdering
Todeilselva	Lite/ Middels positiv	Alm (VU)	0,37 km ²	1630 m (490 m utgjør Almabekken)	900 m pluss 650 m nedgraven rørygate frå Almabekken	400 m ny veg til hovudinntak	30 l/s pluss 4 l/s i Almabekken	10m*3-4m høg (Todeilselva) pluss 7-8m*2-3m i Almabekken	Liten negativ/ ingen konsekvens

Tabell 1 Todeilselva kraftverk.

I søknaden frå Småkraft AS vert det presisert at delar av konfigurasjonen for Todeilselva kraftverk vil vera ei rørygate etablert som fjellgrøft. Rørygata vil krevja eit areal på 15-20 meter. Det er planlagt at jordmassar skal leggjast attende på grøfta trasé etter rørygatenedlegging. Konfigurasjonen vil etterlate seg eit sår i terrenget og permanent ryddegata for trevekstar. Etablering av kraftstasjon her vil føra til redusert vassføring på til saman 1630 meter for Almabekken og Todeilselva. Inngrepet vil føra til ein reduksjon i landskapsverdi.

Ein gamal ferdselsveg går frå Farestveit i Modalen og over til Flatekvål i Eksingedalen. Den gamle ferdselsvegen følgjer Todeilselva store delar av vegen mot Storavatnet. Ferdselsvegen frå Modalen og over til Eksingedalen er registrert i den regionale kartlegginga av friluftslivområder. Ruta frå Farestveit til Flatekvål er skildra som eit turmål i friluftslivlitteraturen (Rudsengen og Loftesnes, 2007 og Monsen 1999). Turen er estimert til å ta om lag fire timar frå Farestveit i Modalen til Flatekvål i Eksingedalen.

Ferdselsvegen har også ei kulturhistorisk tyding for Modalen og Eksingedalen. I heftet «Vegen heim» (Øvre Helland 1998) vert det skrive i avsnittet «Vegane i fjellet»: «Det var vegane, kløvstigane i fjellet som knytte Eksingedalen og Modalen saman. Og det var eksingedølene som nytta vegane over fjellet fordi det var så vanskeleg å koma seg nedover Eksingedalen. Frå gamalt av var det tre fjelloverganger mellom Modalen og Eksingedalen. Turen over fjellet frå Høvik i Eksingeldane til Krossdal i Modalen var den korteste. Dei kunne gå på halvannen time utan kløv. Den mest brukte overgangen var frå Flatekvål til Farestveit. Den tredje ruta gjekk frå Fagerdalen ovanfor Lavik til Øvre Helland i Modalen». I band II «Bygdebok for Modalen: Allmenn bygdesoge» (red. Olav Farestveit 1990) vert det skrive om Gulatinget, s. 171: «*I Eksingedalen har det i segner og stev halde seg ein tradisjon om tingferdene. Ein av dei vegane som vart nytta gjekk frå Flatekvål og over fjellet til Modalen*». I band II «Bygdebok for Modalen: Allmenn bygdesoge» vert det på s. 470 skrive: «*Den mest brukte fjellovergangen var likevel den over «Øvrafjedle», der folk frå Lavik, Flatekvål og Nese tok seg over til Farestveit. Her kløvja dei og bar, og her fór presten når han skulle ha gudsteneste på Flatekvål syftesokdagen den 2. juli. Dagen før møtte «presteskyssen» opp på Mo med hest, og så sette presten seg i salen, og skysskaren fylgde med og bar skrinet med prestebunaden (...) Til denne syftesok-preika fór det òg mange modlaingar over fjellet, så det var mest som ein marknadsdag. Elles i året hadde lesarborna vegen sin her, bære når dei gjekk for presten og når dei skulle konfirmerast. Her fór burrefylgje over fjellet til kyrkja på Mo, og her gjekk koner og bar dåpsborna sine. Og namn som Likhaugen og Likhaugsløa fortel om gravferder i eldre tid. I det heile må det ha vore i stor ferdsle over fjellet her*».

Konklusjon: Vi kan ikkje tilrå utbygging av Todeilselva,, då dette kjem i konflikt med friluftslivinteresser, landskap og sumverknader, og kulturhistoriske verdiar i Modalen kommune.

Hellandsdalen: Det eksisterer fleire inngrep som påverkar vassføringa i Budalselva. Det mest omfattande inngrepet er omtalt i konsesjonssøknaden for Budal II kraftverket, s.8:

«Nord/nord-aust for nedbørfeltet til Budalselva ligg Skjerjavatnet. Dette er regulert og vert overført til Svartavatnet som er inntaksmagasin for Vemundsbotn kraftverk (1976). Det overførte nedbørfeltet er 16.2 km², tilsvarende 49% av det uregulerte feltet». I nedre del av Budalselva er det eit minikraftverk med installert effekt på 0,3 MW. Dersom ein skal opne opp for ytterlegare vassdragstekniske inngrep i Hellandsdalen vil dette føra til ei rekkje med nye landskapsinngrep.

Kraftverk	Brukarinteress er (inkludert friluftsliv)	INON	Redusert vassføring	Røyrgate	Veg	Minstevassføring	Inntaksdam	Samlet konsekvensvurdering
Tverrån	Lite	0,37 km ²	650 m	680 m (265 bora)	1,3 km	38 l/s 1.5-30.9 (22 l/s)	12m*3m	Liten negativ/ ingen konsekvens
Budal II	Middels negativ/ lite	0	1500 m	1,3km (nedgravd)	50 m ny veg til inntaket	174 l/s 1.5-30.9 (39 l/s)	25m*2m	Liten negativ/ ingen konsekvens
Seljedalselva	Lite/ Middels positiv	0,37 km ²	600 m	555 m pluss bora inntak til Tgrollegilsb ekken	690 m til inntak	47 l/s 1.5-30.9 (28 l/s)	12m*2,5m	Liten negativ
Bleidalselva	Lite/ Middels positiv	0	630 m	80 m røyr til sidebekk pluss 580 m til kraftstasjon	370 m til kraftstasjon og 50 m til inntak	23 l/s 1.5-309.9 (14 l/s)	15m*2,5m	Liten negativ/ ingen konsekvens

Tabell 2 Kraftsøknader i Hellandsdalen.

Vi meiner at omfang og konsekvens i konsekvensutgreiningane i samband med dei fire omsøkte prosjekta undervurderer verknaden for landskap og friluftsliv. Dessutan er det ikkje gjennomført ei tilstrekkeleg vurdering av sumverknader som følgje av fire nye utbyggingar i Hellandsdalen. Hellandsdalen er ein inngangsport til det svært viktige regionale friluftslivområde Stølsheimen. Delar av Stølsheimen er også eit landskapsvernområde, og det gjer også at område har nasjonal verdi for friluftslivet. Det er difor også relevant å ta omsyn til mengda av eksisterande tyngre tekniske inngrep som er utført i nærområdet inkludert framføring av energitekniske anlegg, td. konsesjon til ny 420 kV-kraftlinje Modalen – Mongstad (OED, 2015). Det er difor relevant å sjå på både inngrep i Steinslandsvassdraget og tilgrensande nedbørfelt for Haugsdalsvassdraget, Eksingedalsvassdraget og Arnafjordvassdraget. Vi ber difor NVE prioritere mellom kva utbyggingar som vil vera føremålstenlege, og kva for utbyggingar som vil ha dei største ulempene for allmenne interesser. Vi ber også NVE vurdere veglause utbyggingar og auka minstevassføring, dersom det vert gjeve løyve til prosjekt.

Konklusjon: Vi kan diverre ikkje tilrå den samla lasten av utbyggingar i Hellandsdalen slik den no føreligg.

Vurdering av samla belasting med omsyn til friluftslivinteresser i Modalen

Prinsippet om økosystemtilnærminga og vurdering av samla belasting går fram av naturmangfaldlova § 10. Det er avgjerdsmyndigheita som etter lova skal føreta ei vurdering av samla belasting. Ei heilskapleg tilnærming til forvaltning av vassressursar følgjer også av vassforskrifta, som legg til grunn ei nedbørfeltorientert forvaltning. Eit anna omsyn ved vurdering av sumverknader er å hindra ei bit-for-bit utbygging utan ein overordna plan. Det er naturleg at energimyndigheitene tek omsyn til tiltak som er utført som del av energiplanlegginga. Det vil for nokre vurderingselement vera for innskrenkande å tolka bestemminga slik at berre sektorinngrep som er under ansvarsområdet til energimyndigheitene er relevante i vurderinga - td. slik at inngrep under annan sektormyndigheit skulle vera irrelevant for vurderinga etter naturmangfaldlova § 10. Likevel må det føreliggje ein sakleg relevans, slik at inngrep som inngår i vurderinga kumulativt påverkar det akvatiske økosystemet i Steinslandsvassdraget. Grunnlova § 112 gjev nettopp uttrykk for at ein skal sjå ulike sektorar sin påverknad i eit samla lys, og difor er det ikkje urimeleg å ta omsyn til andre tyngre tekniske inngrep – også utover sjølve energiplanlegginga - som påverkar naturlandskapet i Modalen i ei vurdering av sumverknader, jf. ”hensyn som har vesentlig betydning på tvers av forvaltningssektorene”.

På grunnlag av vassressurslova § 25 er det også relevant å vurdere sumverknader på sjølvstendig grunnlag etter denne bestemminga. Førearbeida Ot. prp. nr. 39 (1998-1999) legg vekt på i sin merknad til vassressurslova § 25: ”*Selv om minstekravet er oppfylt, og tiltaket alene ikke har store skadevirkninger, kan det begrunne et avslag at sumvirkningen av mange slike tiltak som kan forventes i fremtiden, til sammen vil ha det*”.

Relevante forvaltningsavgjerder i høve sumverknadsvurderinga vedtatt av kommunale organ:

1. Kommunalt vedtak om sumverknader i Modalen kommunestyre (sak 029/2016), jf. forarbeidene til vassressurslova § 25 og relevansen av å vurdere «sumvirkningner av mange slike tiltak».
2. Fylkesdelplan som viser til relevansen av sumverknader ved nye prosjekt, særleg i områder med stor friluftslivaktivitet.

Vi vil her vise til Modalen kommunestyre si handsaming av saka (sak 029/2016), der det vert påpeikt om samla last: *«Kommunen vil likevel understreke at den samla belastningne som 8 nye utbyggingar vil gje, som kjem som tillegg til ei lang rekke eksisterande utbyggingar, synest i overkant stor. Kommunen vil påpeike at Hellandsdalen er betydeleg meir brukt i friluftslivssamanheng enn det som kjem fram i søknadane»*.

Fylkesdelplanen for små vasskraftverk i Hordaland 2009 - 2021 presiserer for delområde 2 "Modalen - Eksingedalen", s. 41: *«Mykje av vassdragsnaturen er regulert i samband med kraftutbygging, og det vert viktig å ta med i vurdering av sumverknad for området ved nye prosjekt, særleg for område med stor friluftslivaktivitet»*.

Innspel til moment i sumverknadsvurderinga:


1. Vassressurslova § 25 har eit anna siktemål enn naturmangfaldlova § 10. Det er difor relevant å vektleggja kumulativ lastvurdering i høve – det vil vera relevant å leggja til grunn mengden av energitekniske inngrep i form av overføringar, redusert vassføring, massedeponi, kraftlinjer, magasin, damtersklar og kraftverk innanfor nedbørfeltet og i tilgrensande nedbørfelt. Kort sagt vil mengden av vassdragstekniske inngrep og andre energitekniske anlegg - som er etablert eller planlagt - vera relevant å leggja til grunn, og vil også vera ein relevant avslagsgrunn i seg sjølv (jf. kart 4 og 5 i denne fråsegna).
2. Naturmangfaldlova § 10 viser til påverknader og samla last på økosystem. Det er difor sentralt å vektleggja a) påverknad som følgje av samla last på akvatiske økosystem, og b) påverknad som følgje av samla last på terrestriske økosystem.
3. For dei akvatiske økosystema vil tilstand til artar i det akvatiske og terrestriske økosystemet innanfor nedbørfeltet Steinslandsvassdraget vera relevant å vektleggja (jf. kart 3 i denne fråsegna).
4. Vasskvalitetsmål og økologisk tilstandsmål etter vassforskrifta vil vera relevante argument i forvaltinga av nedbørfeltet til Steinslandsvassdraget, og vil vera ein indikator på påverknad på det akvatiske økosystemet frå ulike kjelder.
5. Ivaretaking av sammenhengende naturområder med urørt preg. Arealindikatoren for inngrepsfrie naturområder indikerer at naturområder med urørt preg er sterkt fragmentert i fjellområda kring Modalen. I vurderinga av nye inngrep vil det vera relevant å vurdere omsynet til gjenverande inngrepsfrie naturområder. Vi viser til energimeldinga s. 195: «*Samtidig kan store sammenhengende naturområder med urørt preg ha stor verdi for naturmangfold, friluftsliv og landskap. Det vil derfor fortsatt bli gjort konkrete vurderinger av eventuelle konsekvenser for slike områder i konsesjonsbehandlingen*» (jf. Meld. St. 25 (2015–2016)).
6. Friluftslivmeldingen (jf. Meld. St. 18 (2015–2016)) viser til, s. 52, «*Økende arealinngrep har ført til en gradvis reduksjon av store, sammenhengende naturområder med villmarkspreg. Oppstykkningen av de sammenhengende naturområdene skjer bit for bit over hele landet, men det er i Sør-Norge det er størst knapphet på slike områder. Her er mange naturområder allerede preget av tyngre inngrep som veier, krafilinjer, demninger, hytteområder og regulerte innsjøer*». Regjeringa har ein ambisjon om å sikra større sammenhengende naturområder med eit urørt preg.
7. Landskapsomsyn og ivaretaking av verdifulle landskapsformer og –typar er også relevant som del av sumverknadsvurderinga – særleg omsynet til «Elvedal». Forarbeida til naturmangfaldlova § 10 peiker på at estetiske omsyn også er relevant vurderingsgrunnlag etter denne bestemminga. Landskapsmessige forhold inngår også i naturmangfaldlova sin definisjon av «naturmangfold», jf. naturmangfaldlova § 1.

Felles for hovuddelen av utbyggingsforslaga i eit vassdragsperspektiv, forutan at dei ligg i Modalen, er at utbyggingane gjeld sideelver som drenerer til Steinsdalsvassdraget (064.Z) – unntaket er Kvernhusfossen (vassdragsnummer 064.20) som ligg i tilgrensande nedbørfelt, og som drenerer til Mofjorden.

Første utbygging av Hellandsfossen var i 1955. BKK fekk seinare konsesjon til å byggja ut Steinslandsvassdraget i 1975. Til dømes drenerte Holskardvatnet opprinneleg til Modalselva, men vert no overført til Askjelldalsvatnet. Skjerjevatnet drenerte opprinneleg til Eksingedalsvassdraget, men vart frå 2005 nytta i Nygard pumpekraftverk og vatnet drenerer no mot Modalselva.¹

NVE gjev ei skildring av Steinslandsvassdraget i brev 26. februar 1973 til dåverande Industridepartementet: *«Steinslandsvassdraget renner stort sett gjennom Modalen kommune i Nordhordland, mens deler av nedslagsfeltet ligger i Høyanger og Vik kommuner i Sogn og Fjordane fylke. Vassdraget gresner i vest til Haugsdalsvassdraget som er utbygget i Matre kraftverk og i øst og sør til Eksingedalsvassdraget som skal overføres til Evnager kraftverk. I nord grenser det til en rekke mindre vassdrag, som har avløp til Sognefjordens sørside. Hovedelven kommer fra Solrenningsvatn, kote 595, og renner gjennom Stølsvatn, kote 548, og hvor også avløpet fra Hallsetvatn, Holskarvatn og Sødalsvatn kommer til fra øst. Holskarvatn, Øvre Sødalsvatn og det sønnenforliggende Kvanngrøvatn i Nygårdselv er ved kgl. res. av 4. mars 1966 tillatt oveført til Evanger kraftverk. Fra Stølsvatn renner elven til Steinslandsvatn, kote 117. Umiddelbart før utløpet i Steinslandsvatn forener den seg med Norddaleven ved gården Steinsland som er øverste bebyggelse i vassdraget. Fra Steinslandsvatn renner elven gjennom Modalen og mottar ytterligere tillp fra Nygårdselv og Hellandselv, samt noen mindre elver og bekker, før den munner ut i Mofjorden. Samlet nedslaget til utløpet av Mofjorden er ca. 360 km² (...) Av hensyn til de interesser friluft- og turfolk har i dette område fant man det naturlig at det ble innhentet uttalelser frå de interesserte parter (...) Meldingen om at BKK arbeidet med planer for utnyttelse av vassdraget ble av NVE kunngjort i Norsk lysningsblad og distriktets aviser. Meldingen er også sendt en rekke institusjoner som kunne ha interesse i det berørte område. Hittil er det kommet uttalelser til planleggingen fra: 1. Hordaland Friluftsnemnd ved brev av 16.12.1968. 2. Naturvernutvalget i Bergen Turlag ved brev av 15.5.1969, 3. Den Norske Turistforening ved brev av 25.8.1969 og 4. Grunneierne på gårdene Steinsland i Modalen ved brev av 16.12.1970» (sitat frå s. 4 i St. prp. nr. 153 (1974-75). Merknad: Nedbørfeltet til Steinslandsvassdraget vert no estimert til å vera 387,39 km², jf. NVE Atlas).*

¹ Sjå til dømes «Vurdering av vannkjemiske og biologiske tiltak i Modalsvassdraget. En pilotstudie» (Rapport LNR 5508-2007). NIVA. Vilhelm Bjerknes et al. I denne rapporten vert det vist til ein forsuringseffekt i Steinslandsvassdraget ved overføring av Holskardvatnet til Askjelldalsvatnet, ss. 5-6. URL: https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/213861/5508-2007_72dpi.pdf?sequence=2




Atlas



- ≥ 5 km fra inngrep
- 3 - 5 km fra inngrep
- 1 - 3 km fra inngrep

Kart 4 Eksisterende tyngre tekniske vassdragstekniske og andre tyngre tekniske energirelaterte inngrep i Modalen. Kjelde: NVE Atlas



Konsentrasjon av moglege nye tyngre tekniske inngrep

- ≥ 5 km fra inngrep
- 3 - 5 km fra inngrep
- 1 - 3 km fra inngrep

Kart 5 Dei åtte konsesjonssøknadene i småkraftpakke Modalen konsentrerer seg kring nedre del av Steinslandsvassdraget frå utlaupet i Mofjorden, langs Hellandsdalen og opp til Nådalen. Kartgrunnlag: NVE Atlas

I rapporten «Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022: Nasjonal gjennomgang og forslag til prioriteringer» (NVE og Miljødirektoratet, 2013) vert Steinslandsvassdraget/ Modalsvassdraget plassert i kategori 1.2 «Lavere prioritet» med tanke på revisjon. Det vert vist til konsesjonane gitt til «Reguleringer m.v. i Steinslandsvassdraget» (25.07.1975) og til «Utbygging av Hellandsfoss kraftverk i Modalen» (22.12.1989). Aktuelle tiltak som vert føreslått er: 1) Magasinrestriksjon i Stølsvatn for å sikre tilstrekkelig vannstand av hensyn til landskap og friluftsliv dersom behov, og 2) Vurdere eksisterende minstevannføring. I Klima- og miljødepartementet si godkjenning av «Regional plan for vassforvaltning i vassregion Hordaland for planperioden 2016-2021», datert 04.07.2016, vert det vist til Modalsvassdraget i vedlegg 2. Modalselva vert rekna som ein sterkt modifisert vassførekomst (SMVF), og økologisk potensial er gjeve som «Moderat Økologisk Potensial» (MØP). Det er eit mål at Modalsvassdraget skal nå eit «Godt Økologisk Potensial» (GØP) innan 2033. Departementet har godkjent at det er satt eit miljømål som kan føre med seg krafttap. I revisjonsrapporten (NVE og Miljødirektoratet, 2013) går det fram at estimert krafttap er lite for Modalsvassdraget. Vassforskrifta gjev også eit viktig grunnlag for å vurdere samla last på det akvatisk økosystemet i nedbørfeltet til Steinslandsvassdraget. Det økologisk potensialet er satt til «Moderat Økologisk Potensial» (MØP) med mål om at det skal nå eit «Godt Økologisk Potensial» (GØP). Det vil vera relevant å vurdere om nokre av prosjekta i «Modalenpakka» vil kunne bidra til at ein ikkje når miljømålsetjinga for vassdraget.

Med vennleg helsing

Helene Ødven
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag
(sign.)

Nicolas J. I. Rodriguez
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag
(sign.)

Referansar:

Jo Gjerstad, Frode Ulvund, Egil Etresvaag og Anders Bjarne Fossen (2005). «Vilt, vått og vakkert: Bergen Turlag 1890-2005». Bodoni Forlag.

St. prp. nr. 21 (1953). Om tillatelse for regulering av Matre- og Haugsdalsvassdraget.

St. prp. nr. 153 (1974-75) Bergenhalvøens Kommunale Kraftselskap. Tillatelse til å foreta reguleringer m.v. i Steinslandsvassdraget. Tilråding frå Industridepartementet av 25. april 1975.

Sak 029/2016. Høyringsuttale - Søknad om løyve til 8 små vasskraftverk i Modalen kommune i Hordaland, fleire søkjarar. Modalen kommunestyre. Lasta ned frå (06.07.2016):
<http://innsyn.sing.no/Modalen/innsyn/wfdocument.ashx?journalpostid=2016001044&dokid=7592&versjon=1&variant=A&ct=RA-PDF>

Kenneth Ø. Monsen (1999). Turar i Modalen og Stølsheimen – frå slott til stol. Modalen kommune

Gunnhild Steinsland (1995). Modalen kraftlag: 40 år med elektrisk straum. Kraftlaget.

Anne Rudsengen og Finn Loftesnes (2007). "Opptur Hordaland - 276 fotturar». Selja Forlag.

Meld. St. 18 (2015-2016) Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20152016/id2479100/>

M98-2013. Kartlegging og verdsetting av friluftslivområder. Veileder frå Miljødirektoratet.
<http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M98/M98.pdf>
Kjell Øvre Helland (1998). «Vegen heim: om transport på land, sjø og fjell i Modalen». Modalen kommune.

Bergen Turlag (2013). "Fantastiske Stølsheimen". Informasjons- og friluftslivbrosjyre.

Lars A. Uttakleiv (2009). «Landskapskartlegging av Hordaland fylke: Landskapstypeklassifisering av innland». Rapport 02-2009.
<https://www.fjell.kommune.no/PageFiles/13442/Landskapstyper%20i%20Hordaland%202009.pdf>

Morten Clemetsen, Lars André Uttakleiv og Ingunn Bårtvedt Skjerdal (2011). «Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke: Med utgangspunkt i Nasjonalt referansesystem for landskap». Rapport 07-2011.
<http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/diverse-dokument/2011-07-verdivurdering-av-landskap-i-hordaland-fylke.pdf>

NVE og Miljødirektoratet (2013). «Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022: Nasjonal gjennomgang og forslag til prioriteringer». Rapport 49/2013.

<http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M49/M49.pdf>

KLD (2016). Klima- og miljødepartementet si godkjenning av regional plan for vassforvalting i vassregion Hordaland for planperioden 2016-2021.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/c85fcdd2d78f4e01948e687e52a30937/vassregion-hordaland-for-planperioden-2016-2021-326681.pdf>

OED (2015). Konsesjon for ny 420 kV-kraftledning Modalen – Mongstad. Kgl. Res. 19. juni 2015.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/fl44ac3e7c464b8293d055a2916b1b5f/vedtatt-kgl-res-av-190615----bkk-nett-as--konsesjon-for-bygging-av-ny-300420kv-kraftledning-modalen-mongstad-i-sogn-og-fjordane-og-hordaland-l6.pdf>

Meld. St. 25 (2015–2016). Kraft til endring — Energipolitikken mot 2030.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/31249efa2ca6425cab08130b35ebb997/no/pdfs/stm201520160025000dddpdfs.pdf>